

Førde kommune  
Ordfører

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:  
Olve Grotle  
Tlf. 57722001

Vår referanse:  
14/3042-4-OG-210

Dato:  
26.02.2015

## Høyringsuttale - overføring av skatteinnkrevjinga til staten

Eg viser til Finansdepartementet sine brev av 1. og 4. desember 2014.

Vedlagt følgjer Førde kommune sin uttale i saka, vedtatt av formannskapet 12. februar 2015. Når det gjeld pkt 1 og 2 i vedtaket, blir det vist til saksutgreiinga.

I pkt 3 er det slått fast skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet si utgreiing dersom skatteoppkrevjarfunksjonen skulle bli overført frå kommunane til Skatteetaten.

I dette brevet blir det kort gjort greie for nokre av dei momenta som talar for at skattekontoret i Førde er særleg godt eigna til å få tilført oppgåver som nemnt.

### 1. Generelt om Førde – nokre nøkkeltal.

Førde er fylkessenter i Sogn og Fjordane. Førde har hatt ein vekst i folketal og arbeidsplassar i tiår etter tiår som svært få andre kommunar i landet kan måle seg med, og er i dag den kommunen i fylket med flest innbyggjarar og arbeidsplassar (både i offentleg og privat sektor).


Førde er også regionsenter i det største og best fungerande bu- og arbeidsområdet i Sogn og Fjordane, Sunnfjord. Dei to største kommunane i Sunnfjord, Førde og Flora, har til saman ca 22 % av folketalet og ca 28 % av arbeidsplassane i fylket.

Førde ligg om lag midt i fylket, og når planlagde vegar er ferdig vil om lag halvparten av innbyggjarane i Sogn og Fjordane kunne pendle til Førde på 45 minutt.


Førde og Sunnfjord har eit sterkt næringsliv. Til illustrasjon av dette kan det nemnast at kommunen og regionen kom på hhv 5. og 4. plass i NHO sitt næringsNM for 2013.

Nokre nøkkeltall for Førde:


1. Folketal for Førde og dei andre kommunane i Sogn og Fjordane




2. Talet på arbeidsplassar for Førde og dei andre kommunane i Sogn og Fjordane



3. Talet på innpendling i Førde og dei andre kommunane i Sogn og Fjordane



4. Oversyn over utdanningsnivå (universitets- og høgskuleutdanning, over 4 år), 2000/2013.



5. Førde er ein by med allsidig arbeids- bu-, aktivitets- og kulturtilbod:

- Delar av verksemda til fylkeskommunen og fylkesmannen.
- Lotteri- og stiftelsestilsynet, NVE Region Vest.
- Helse Førde, Førde Sentralsjukehus, og felles legevakt for 12 kommunar.
- NRK, Firda, Fylkesmagasinet m.m.

- Campus Førde med 1 000 studentar, dvs Høgskulen i Sogn og Fjordane (sjukepleie, helsefag, ingeniør m.m.), Senter for helseforskning, fagskule og vidaregåande skular.
- Hovudkontor for Sparebanken Sogn og Fjordane. Gjensidige Bank har store delar av verksemda si her. Nortura. Maritim og oljerelatert industri og verksemdar.
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett og Fjordane tingrett.
- Stor offentleg og privat tenestetyping.
- Største handelssenter mellom Bergen og Ålesund.
- Stor idrett- og kulturaktivitet, Sogn og Fjordane teater, Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde Opp m.m.

## 2. Nærmare om Skattekontoret i Førde sine fordelar med omsyn til å ta over skatteoppkrevjarfunksjonar.

I Skattedirektoratet si utgreiing av 24. november 2014 er det lagt til grunn at skattekontoret i Førde skal få tilført skatteoppkrevjarfunksjonar, og det er m.a. i pkt 5.2.2 Fylkesvis personinnkreving vist til moment som talar for dette.

Førde kommune støttar Skattedirektorat si utgreiing på dette punktet, og skal peike på følgjande forhold som bør leggst vekt på:

- Skattekontoret i Førde er det kontoret som har størst konsentrasjon av arbeidsgivar/ skatteytar. Kontoret ligg i Førde kommune og geografisk også midt i Sogn og Fjordane.
- Førde er utan samanlikning den kommunen i fylket med flest arbeidsplassar, både i offentleg og privat sektor
- Førde ligg i sentrum at det største og best fungerande bu- og arbeidsområdet i fylket, Sunnfjord.
- Førde greier godt å rekruttere nye tilsette, med relevant utdanning og praksis. Det kan her også nemnast at Førde kommune er den som har fleste arbeidstakarar med høgt utdanningsnivå, og som også har høgst auke i dette.
- Førde greier godt å etablere robuste fag- og kompetansmiljø. Gode døme på dette er lotteri- og stiftelsestilsynet, Helse Førde/Førde Sentralsjukehus, NAV.

Når det konkret gjeld skattekontoret i Førde så er det 19 tilsette som jobbar med rettleiing, folkeregister og skatt.

Vidare kan det nemnast at Skatt vest har kontrollmiljø i Sunnfjord (Florø) i dag.

## 3. Avslutning – førespurnad om møte.

Ovanfor er det kort gått gjennom dei argumenta som talar for at skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet.

I den regionale planstrategien for Sogn og Fjordane er folketalsauke sett på som det overordna målet. Samtidig er det allment erkjent at utvikling og satsing på byar er det viktigaste verktøyet for å få auke folketalet.

Ei tilføring av oppgåver til og styrking av skattekontoret i Førde vil vere eit viktig bidrag til at Førde kan vidareutvikle seg, og dermed i endå større grad bidra til auka folketal i Sogn og Fjordane.

Det er svært viktig for Førde kommune at Finansdepartementet støtter oppunder Skattedirektoratets framlegg om at skattekontoret i Førde må få tilført oppgåver, og underteikna ber derfor om eit møte med departementet for å utdjupe saka.

Med helsing

Olve Grotle  
Ordførar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

---

**Vedlegg:**

Høyringsuttale - overføring av skatteinnkrevjinga til staten



# Førde kommune

**Styre, råd og utval**  
Formannskapet

**Møtedato**  
12.02.2015

**Saksnr**  
011/15

**Sakshandsamar:**  
Lise Mari Haugen

**Arkiv:**  
FE-210

**Arkivsaknr.:**  
14/3042

## Høringsuttale - overføring av skatteinnkrevjinga til staten

### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.12.2014	Brev til kommunene 4.12.2014.pdf	151738
02.02.2015	Høringsbrev 1.12.2014.pdf	151739
02.02.2015	Høringsinstanser.pdf	151740

### Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet sende 1.12.2014 ut høringsbrev om overføring av skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten med verknad frå 1.1.2016.

### Saksutgreiing:

I Noreg vert inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift innkravd av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som òg fører skatterekneskap og gjennomfører arbeidsgjevarkontroll.

Forslag om overføring av skatteinnkrevjinga til skatteetaten har vore vurdert fleire gonger tidlegare, men saka har då enten ikkje vore fremma av tidlegare regjeringar eller vore avvist av Stortinget. Ifølgje KS er det ikkje kome nye moment av betydning i Finansdepartementet si noverande høyring.

Høringsuttale frå KS peikar på fleire uheldige konsekvensar ved overføring av skatteinnkrevjinga til staten t.d.:

- **Effektivitet og resultat i skatteinnkrevjinga kan verte svekka**  
Skatteinnkrevjinga i Norge har over tid vist seg å vere svært god samanlikna med andre vestlege land, t.d. har skatterestansane i Danmark auka etter at innkrevjinga vart overført til staten. Nærleik til skattesubjekta forklarar dei gode resultatane og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Nærleik til innbyggerane er og viktig for å bistå dei vanskelegstilte skattytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv eller som av andre grunnar ikkje kan ivareta sine egne interesser. Nærleik og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe de som trenger det mest.

- **Forslag bør inngå som ein naturleg del av kommunereforma**  
Eit uttalt mål i kommunereforma er å «flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar». Regjeringa seier den vil «vise meir tillit til lokalpolitikarar og gje kommunane meir handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.» At forslaget vert fremja som eiga sak uavhengig av det pågåande kommunereformarbeidet er uheldig og i strid med kommunereforma.
- **Reduserte moglegheiter for nedkjemping av svart økonomi**  
Skatteoppkrevjaren har god kontakt med og kjennskap til lokalt næringsliv, og dette bidreg til nedkjemping av svart økonomi også der arbeidsgjevarkontrollen er organisert som interkommunalt samarbeid. Lokalt folkevalt innsyn, mellom anna gjennom kontrollutvala, er ei anna styrke.
- **Rettsstryggleiken til skattyterane kan verte svekka**  
I dag vert rettssikkerheten ivareteke på en svært god måte ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom på den eine sida fastsetting av skatten (likning/stat) og på den andre sida innkrevjinga av skatten (kommunane). Omsynet til rettsstryggleiken tilseier at det må vere avstand mellom den som fastset og den som krev inn skatten. Dette er og slått fast som eit grunnleggande prinsipp i tidlegare utgreiingar og Stortingsbehandlingar av skatteinnkrevjinga.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Førde kommune meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjinga som ei kommunal oppgåve er svært positive.

2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god. Førde kommune meiner likevel det er mogeleg å forbetre tenesta. Det kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga, og må sjåast saman med kommunereforma.

#### **Handsaming i Formannskapet 12.02.2015:**

Ordførar Olve Grotle (H) gjorde framlegg om slikt nytt pkt. 3 i framlegg til vedtak: «Dersom skatteoppkrevjarfunksjonen likevel skulle bli overført frå kommunane til Skatteetaten, må skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet si utgreiing av 24. november 2014.»

Rådmannen sitt framlegg saman med ordførar sitt tilleggsframlegg vart **samrøystes vedteke**

#### **FORM-011/15 Vedtak:**

1. Førde kommune meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjinga som ei kommunal oppgåve er svært positive.

2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god. Førde kommune meiner likevel det er mogeleg å forbetre tenesta. Det kan gjerast innanfor ramma av framleis

kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga, og må sjåast saman med kommunereforma.

3. Dersom skatteoppkrevjarfunksjonen likevel skulle bli overført frå kommunane til Skatteetaten, må skattekontoret i Førde minst få tilført oppgåver som foreslått i Skattedirektoratet si utgreiing av 24. november 2014

Førde, den 02.02.2015

Ole John Østenstad  
Rådmann

Lise Mari Haugen  
Ass. rådmann  
Tlf. 57612704